

## Dei **usynlege** barna

Kommunane skal gjennom Nav sikre at utsette barn og unge og familiane deira får eit heilskapleg og samordna helsetilbod. Dette blei teke inn i formålsparagrafen da Stortinget vedtok lov om sosiale tenester i Nav i 2009.

Barn av sosialhjelpsmottakarar er ei sårbar gruppe. Statens helsetilsyn følgjer med på korleis kommunen tek omsyn til barna når han måler ut økonomisk sosialhjelp.

Det landsomfattande tilsynet i 2010 viste at kommunane i liten grad kartlegg dei behova barna har, når kommunane reknar ut stønadsbeløpet.

Barna var lite synlege i dei sakene som blei gått gjennom i dette tilsynet.

Hausten 2011 gjekk ei arbeidsgruppe frå Statens helsetilsyn gjennom 87 klagesaker frå seks fylke. I alle sakene representerte klagar ein husstand med barn. Berre 25 prosent av sakene inneheldt opplysningar om barna utover reine personalia-opplysningar. Ikkje i nokon av desse sakene fann vi at det var greidd ut kva behov barna hadde.

Gjennom intervju fortel tilsette hos fylkesmennene at det sjeldan blir gjort greie for kva situasjon barna er i, og at barna så å seie aldri blir høyrde i desse sakene. Dei fortel også at svært få kommunar følgjer rutinar for å greie ut kva behov barna har. Når det i saka ikkje blir gjort greie for situasjonen til barna, blir han heller ikkje ein del av avgjerdsgrunnlaget som følgjer den vidare saksgangen. Kommunane

manglar mange stader kompetanse til å gjere utgreiingar, og leiinga spør i liten grad etter situasjonen til barna når saker blir godkjende. Dette gir etter vår meining grunn til uro.

Kommunen må gjennom styring

og leiing sikre at også behova til barna blir tekne vare på når det blir målt ut økonomisk stønad til barnefamiljar, slik lova føreset. Statens helsetilsyn vil gjennomføre eit landsomfattande tilsyn med dette temaet i 2012 (sjå side 35).

